



Fylkesmannen i Sogn og Fjordane

Sakshandsamar: Eyvin Sølsnæs
Telefon: 57643135
E-post: fmsfes@fylkesmannen.no

Vår dato
09.10.2017
Dykkar dato
28.08.2017

Vår referanse
2017/3000- 561
Dykkar referanse
201300203-9

Noregs vassdrags- og energidirektorat

nve@nve.no

Fråsegn til søknad om løyve til å byggje Melkevoll kraftverk i Stryn kommune

Vi viser til oversendinga 28.8.2017 med høyring av søknad om Melkevoll kraftverk.

Fylkesmannen rår sterkt frå at det vert gjeve konsesjon til Melkevoll kraftverk, på grunn av store synlege inngrep, særleg knytt til inntaket, og periodevis sterkt redusert vassføring i eit vassdrag som er verna mot kraftutbygging. Tiltaket vil redusere landskapsopplevinga av elva i eit område som er viktig for friluftsliv og innfallsport til Jostedalsbreen nasjonalpark, og reduksjon i vassføring vil også kunne få konsekvensar for ein verdifull naturtype og ein nasjonalt viktig førekommst av raudlista artar. Vidare kan tiltaket skape presedens for større uttak i andre småkraftverk i vassdrag verna mot kraftutbygging.

Bakgrunn

Melkevoll kraftverk vil bidra til å nå det nasjonale målet om å auke produksjonen av fornybar energi, og ei utbygging vil ha positiv økonomisk verknad for lokalsamfunnet. Kraftverket vil redusere vassføringa på 550 meter av elvestrekninga, og inntaksdam, røyrgate, kraftstasjon og anleggsveg vil føre til naturinngrep. Oldenvassdraget er verna mot kraftutbygging. Stortinget har opna for kraftverk på inntil 1 MW i verna vassdrag, med klare avgrensingar som er nærmere omtalt i NVE Fakta 4-2008: «Føresetnaden for å gje løyve er at verneverdiane ikkje vert därlegare. Ein føresetnad for løyve vil normalt vere at vassdraget også etter utbygging har ei variert og romsleg vassføring.»

Prosjekt	Inntak (m.o.h)	Avløp (m.o.h)	Slukeevne (% av middel- vassføring)	Minstevassf. (% av 5-pers- entil sommar)	Produksjon (GWh/år)	Pris (kr/kWh)
Melkevoll kraftverk	123	80	49	246	3,77	3,42

Fylkesmannen skal vurdere om kjende allmenne interesser kan verte råka, og i tillegg vurdere tiltaket etter lakse- og innlandsfisklova og ureiningslova. Vi legg også vekt på prinsipp og føringar frå naturmangfaldlova og vassforskrifta. Fylkesmannen har vidare eit sektoransvar innan beredskap og landbruk.

Miljøvernfangleg vurdering

Vegen opp Oldedalen er innfartsveg for om lag 300.000 besökande til Briksdalsbreen og dei andre brearmane i dalføret. Dette er også innfallsport til to populære turruter i Jostedalsbreen nasjonalpark. Opplevinga av vassdrag og fossefall som renn naturleg er viktig for friluftsliv og lokal identitet. Redusert vassføring etter utbygging og inngrep knytt til inntak, røyrgate og kraftstasjon, kan dermed redusere verdien av elvar som landskapselement og påverke friluftsliv og friluftsbasert reiseliv negativt.

Telefon 57 64 30 00

Organisasjonsnummer N-974 763 907

Nettstad fylkesmannen.no/sfi

E-post fmsfpost@fylkesmannen.no

Besøksadresse

Hovudkontor: Njøsavegen 2, 6863 Leikanger
Landbruksavdelinga: Fjellvegen 11, 6800 Førde

Postadresse

Hovudkontor: Njøsavegen, 2 6863 Leikanger
Landbruksavdelinga: Postboks 14, 6801 Førde

Med ei slukeevne på om lag halvparten av middelvassføringa vil vassdraget oppretthalde ein viss grad av naturleg dynamikk etter ei utbygging, men det relative uttaket vil vere stort i lågvassperiodar. Fig. 2 og 3 i vedlegg 4 til søknaden viser at dette også gjeld perioden mai til juni, og dels juli, i år med middels til låg avrenning, altså i ein viktig del av tursesongen. Den planlagde minstevassføringa er relativt stor samanlikna med 5-percentilen for sommarperioden, men utgjer berre 12% av slukeevna, og nivået er ikkje representativt for vanleg lågvassnivå om sommaren. Etter vår vurdering vil uttaket av vatn få klart synleg effekt ved Melkevoll Bretun i periodar med middels og låg vassføring, og dette vil altså gjelde delar av tursesongen, dvs. i mai og juni.

I søknaden er det opplyst at det er vald løysingar som skal dempe dei synlege inngrepa ved Melkevoll Bretun, men det er ikkje vist med redigerte bilete korleis området vil sjå ut etter ei utbygging. Inngrepa knytte til inntaket vil verte særleg iaugefallande frå gangbrua over Storelva som ligg på turstien til Briksdalsbreen, frå bobilparkeringa aust for Storelvi, og frå vegbrua. Eit inntak i kring 20 meter breidde tvers over Volefosselva, med overføringskanal (betong og natursteinplastring) i ytterlegare 20 meter lengde oppover Storelva, saman med eit relativt stort inntaksbasseng, vil sperre av eit viktig sidevassdrag og, etter det vi forstår, periodevis tørrleggje den nedste delen mot hovudelva. Etter vårt syn er dette for omfattande inngrep i ein eksponert del av eit vassdrag som er verna mot kraftutbygging.

Røygatetraseen ser ut til å verte utfordrande og kan føre til inngrep i parti med blokkmark (Storura), som har kvartærgeologiske verdiar. Traseen vil ifølgje søknaden vere frå 12 til 20 meter brei, og skal meir eller mindre følge bilvegen, som er kring 5-6 meter brei. Stadvis vil røygata gå inn i den opparbeidde gangvegen vest for bilvegen. Mange av dei store steinane i ura vil måtte fjernast eller sprengjast. Sjølv om røygatetraseen kanskje ikkje vil «skilje seg mykje frå eksisterande inngrep» (Miljørapporten s. 19), vil omfanget av inngrep verte mykje større, og traseen kan verte eit dominerande inngrep i mange år etter utbygging.

Kraftstasjonen vil til ein viss grad verte skjerma, og etter vårt syn vil denne og vegtilknytinga ikkje verte særleg konfliktfull for landskapsopplevinga. Tilkopling til nettet er planlagt med jordkabel over elva fram til koplingspunktet mot 22V-linja i dalen, og denne vil heller ikkje verte eit vesentleg naturinngrep. Alt i alt vurderer vi, slik planane ligg føre, at det er inntaket, røygata og vassreduksjonen som vil medføre naturinngrep som vert i konflikt med viktige landskapsverdiar.

Det er allereie etablert eitt kraftverk i området, Briksdal kraftverk, som utnyttar ei om lag 600 meter strekning av Briksdalselva, og har avløp berre om lag 100 meter ovanfor planlagt inntak for Melkevoll kraftverk. Denne utbygginga fekk konsesjon i 2012 til å utvide slukeevna frå 15 til 30% av middelvassføringa. Melkevoll kraftverk er altså planlagt med ei monaleg større prosentvis vassutnytting enn Briksdal kraftverk, og inntaksområdet ligg svært eksponert til for folk som ferdist i området. Dersom det vert gitt konsesjon til utbygging vil ei nesten samanhengande strekning på kring 1,5 km i hovudvasstrekningen i Oldenvassdraget verte påverka av redusert vassføring. Vi vurderer også det planlagde prosentvise vassuttaket for Melkevoll kraftverk som høgt, samanlikna med det som har vore vanleg for vasskraftkonsesjonar i vassdrag som er verna mot kraftutbygging.

Miljøkartlegginga er basert på eksisterande data, og ei synfaring utført 21. september 2012. Tidspunktet for feltarbeidet var dermed såpass seint på sesongen at mange karplanter var avblomstra, og i tillegg var det for seint til å registrere hekkefugl.

Det vart påvist ein viktig naturtypelokalitet, «bekkekløft og bergvegg» med verdi viktig (B), i Storura mellom bilvegen og elva. Det vart funne «uvanleg store mengder av langt trollskjegg og kort trollskjegg» i denne lokaliteten. Det går fram av rapporten at berre den eine sida av Storelva er undersøkt, og at «truleg er det liknande forhold på austsida av elva som kan inngå i denne

naturtypen, men det er usikkert kor stor utstrekninga er». Lokaliteten vil kunne verte påverka av redusert vassføring etter ei utbygging, og i miljørapporten er dette vurdert å ha «*liten negativ konsekvens*». Dei to raudlista lavartane har status som respektive sårbar (VU) og nær truga (NT). Ifølgje rapporten er det mykje store blokker mellom elva og vegen som reduserer solinnstrålinga, og det kalde brevatnet bidreg til eit kaldt og fuktig klima som er gunstig for dei to raudlisteartane. «*Endrede lokale fuktighetsforhold*» er ført opp som en påverknadsfaktor i Artsdatabanken, og ei vesentleg mindre vassføring gjennom lokaliteten i periodar vil derfor kunne påverke førekomsten negativt. Dersom den «*uvanleg store*» førekomsten også omfattar austsida av elva (noko som er svært sannsynleg, ettersom tilhøva der truleg er bortimot identiske), er det her snakk om ein av dei største kjente førekomstane i landet av desse artane.

Skog mellom blokkene og på hyllene er vurdert som både «gråor-heggeskog» og «beiteskog» i gjengroingsfase, men førekomsten er definert som «*ikkje viktig*» sidan området ikkje tilfredsstiller krava for desse to naturtypane. Vi vil her peike på at det om lag på same tid som undersøkinga blei gjort, vart foreslått ny naturtypeinndeling for DN-handbok 13, med detaljert skildring av fleire naturtypar, m.a. knytt til skog. Skildringa i miljørapporten gir ikkje noko godt grunnlag for ny klassifisering, og det er dermed vanskeleg å seie om dei meir skogkledde delane dreier seg om ein verdifull naturtype (eller mosaikk av naturtypar). Men førekomstane av rikbarkstre som gråor, rogn og selje, med til dels stor påvekst av lav og mosar, tyder på det. Det er ikkje avgrensa nokon naturtypelokalitet i miljørapporten, men teksten til figur 3-6 tilseier at verdiane er knytte til området nord for lokaliteten med bekkekløft og bergvegg.

Vi er noko spørjande til om inngrep i lokaliteten berre vil ha «*liten negativ konsekvens*». For naturtypelokalitetane og dei raudlista artane knytte til desse, vil verknadene av ei utbygging kunne verte meir akseptable dersom vassføringa i større grad vert oppretthalde (t.d. med eit vassutak nær det som gjeld for Briksdalen kraftverk) og dersom heile rørtraseen vert lagd på vestsida av vegen så langt det er mogleg. For å unngå ytterlegare inngrep i området bør rørtraseen helst leggjast under den gangvegen som ligg nærest vegen (og som går relativt rett fram). Det går ein parallel gangveg gjennom ura, slik at ei mellombels stenging av den eine gangvegen ikkje vil hindre bruken av området vesentleg.

Storaure frå Oldevatnet kan vandre ca. 4,5 km opp i Storelva. Storaurebestandar har svært høg verdi, noko som seinast vart signalisert gjennom NVE og Miljødirektoratets felles revisjonsprosjekt, der slike bestandar fekk høgaste verdikategori. Bestandstatus, rekrutteringselvar og genetikk for storaure i Oldevatnet vart kartlagt i 2010 ([Rådgivende Biologer AS, rapport 2341](#)). Den genetiske kartlegginga viste at Storelva saman med Sulkja og Rustøygrova står for om lag 3 % av rekrutteringa av aure til Oldevatnet, og at fisheetande aure ikkje kunne ikkje skiljast genetisk frå andre aurar som vart fanga i Oldevatnet. Prøvefisket i Storelva viste låg ungfiskettelleik, og stadfesta resultat frå tidlegare undersøkingar. Hovudgrunnen til den låge fiskettelleiken er truleg kaldt smeltevatn med høg turbiditet i vekstsesongen, og til ein viss grad grovt substrat og lite egna gyttetilhøve. Ifølgje søknaden er det dei øvste om lag 80 meter av vandringsstrekninga for storaure som kan verte påverka av ei utbygging. Lågare vassføring i sommarperioden vil truleg i liten grad påverke tilhøva for auren på tiltaksstrekninga, og minstevassføringa i vinterperioden er så høg at lågvassføringa vil følgje det naturlege nivået. Tilhøva for fisk nedstraums avløpet frå kraftstasjonen kan derimot verte verre om vasstemperaturen der vert redusert i «swim-up» og vekstperioden. Sjølv om elva har liten verdi for storauren i Oldevatnet samla sett, så er det eit mål å oppretthalde førekomsten.

Vassforskrifta har som mål at alle vassførekomstar i Noreg skal ha minimum «god økologisk tilstand». Forskrifta opnar ikkje for at det kan gjennomførast tiltak som gjer at tilstanden vert därlegare, med mindre det kan vere grunnlag for unntak i tråd med § 12. Storelva er per no klassifisert som «sterkt modifisert vassførekomst», med risiko for ikkje å nå miljømålet innan 2021.

For anleggsfasen viser vi til reglane i ureiningslova. Dersom anleggsfasen kan medføre spesielle ulykker for miljøet eller varer i lengre tid, må den ansvarlege søkje Fylkesmannen om utsleppsløyve. Fylkesmannen er også generell styresmakt for støyutslepp fra industri med meir, og kan setje nærmere krav etter ureiningslova. Det må leggjast vekt på støydempande tiltak knytt til kraftstasjonen, jf. T-1442 «Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging».

Beredskapsfagleg vurdering

Vi har berre gått summarisk gjennom beredskapsrelevante tema i søknaden, og vi kjem difor med ei generell tilbakemelding på konsesjonssøknaden.

I saker der det kan vere konflikt mellom kraftverk og drikkevassforsyning, vil vi tilrå at det vert sett krav om tilstrekkeleg dokumentasjon på at utbygginga ikkje vil føre til problem for vassforsyninga, før det vert gjeve konsesjon.

Vi legg til grunn at det i behandlinga av konsesjonssøknaden vert lagt vekt på å plassere tekniske installasjoner slik at dei er mest mogleg verna mot skred og flaum, for å unngå skade på både personar og materielle verdiar.

Landbruksfagleg vurdering

Ut frå konklusjonen i omtale og konsekvensutgreiing, vil ei kraftutbygging i liten grad påverke landbruksinteressene i området negativt. Inntekter frå kraftproduksjonen kan styrke næringsgrunnlaget på landbrukseigedomane som har rettar i vassdraget, og dette kan også ha ein positiv effekt for busetjinga i området. I den grad tiltaket krev at det må etablerast anleggsveg/vegtilkomst frå kraftstasjonen og fram til inntaket, rår vi til å leggje vegtraseen slik at han også har best mogleg nytteverdi til jord- og skogbruksføremål.

Fylkesmannen si tilråding

Fylkesmannen vurderer at Melkevoll kraftverk, slik utbygginga er planlagd, vil medføre uheldige inngrep i eit vassdrag verna mot kraftutbygging. Synlege inngrep er særleg knytt til inntaket og delar av røyrgatetraseen, og til redusert vassføring i periodar, og dette vil redusere landskapsopplevelinga i eit område som er viktig for friluftsliv og innfallsport til Jostedalsbreen nasjonalpark. Reduksjon i vassføring vil også kunne få konsekvensar for ein verdifull naturtype og ein nasjonalt viktig førekommst av raudlista artar. Eit vassuttak på nær 50% av middelvassføringa i eit vassdrag verna mot kraftutbygging vil kunne skape presedens. Fylkesmannen vil, utifrå det som er sagt ovanfor, sterkt rá frå at det vert gjeve konsesjon slik søknaden ligg føre no.

Med helsing

Nils Erling Yndesdal
fylkesmiljøvernssjef

Eyvin Sølsnæs
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ikkje underskrift.

Kopi: Stryn kommune
Sogn og Fjordane fylkeskommune
Miljødirektoratet